

---

**Til:**

---

**Frå:** Ingeborg Borgen Takle

---

**Referanse**  
2014/560-94

**Dato**  
14.08.2014

## Referat frå møte med fylkesordførar Tom-Christer Nilsen

Leiar, Agnes Hoshovde Bernes, og nestleiar, Gard Johanson, i Ungdommens fylkesutval møtte fylkesordførar Tom-Christer Nilsen 14. august 2014 til ein uformell prat. Ingeborg Borgen Takle deltok som referent. Sakane som vart diskutert vert nemnt her:

- Ungdommens fylkesutval ønskjer å invitere fylkesordføraren til å opne Ungdommens fylkesting i februar. Fylkesordføraren var veldig positiv og bad om at ein førespurnad vert sendt til administrasjonen når dato for Ungdommens fylkesting er klar.
- Fylkesordførar vart og førespurd om å delta på nettverkssamlinga 25.-26. oktober, men da var det usikkert om han hadde moglegheit.
- Arbeidet med budsjettet for 2015 har allereie byrja i fylkeskommunen. Fylkesordførar anbefala Ungdommens fylkesutval å ha kontakt med dei fagavdelingane kor ein ønskjer å kome med innspel allereie nå for å få inn dei tiltaka som er viktig for Ungdommens fylkesting. (Kommentar: Til eksempel tiltak på Opplæring og helse 1b og Kultur og ressurs 2e seier at Ungdommens fylkesutval skal fremje tiltak for budsjett 2015, da er det tid for å gjere det nå.)

Dei politiske partia får tilgang til budsjettet i byrjinga av oktober, og da er det viktig å ha kontakt med dei største (Ap, Høyre, Venstre, FrP) og presentere ønskjer frå Ungdommens fylkesting. Viktig å vere så konkret som mogleg når det gjeld tiltak og pris.

- Ungdommens fylkesutval presenterte seg i fylkesutvalet tidlegare i år og skal kome i fylkestinget i oktober. Fylkesordførar rådde Ungdommens fylkesutval til å vere godt førebudd, med tanke på kva som skal seiast, kven som seier det, og at det er naudsynt å bruke ein talarstol og mikrofon slik at alle dei 60-70 personane i salen kan høyre det som er viktig for ungdom. Det vil og vere ein fordel å bruke powerpoint på dei punkta som er ekstra viktig å formidle. Han anbefala og at sjølv om alle deltek som observatørar på fylkestinget kan det vere ein fordel om det berre er nokre få som snakkar til forsamlinga, for å gi eit så klart bilete som mogleg.
- Fylkesordføraren tipsa om ein sak som er i media i dag angående opning for auka sanksjonsmoglegheiter i skulen frå statsråd Torbjørn Røe Isaksen. Det er ein sak som på eit eller anna tidspunkt vil kom opp i fylkeskommunen, og som det er naturleg at Ungdommens fylkesutval har ein

meining om.

- I fylkestinget i juni vart det vedteke ein 1 sone-modell i Hordaland, noko som gjer at ein kan reise så langt ein vil i fylket for minstetakst, innanfor 2 timar. Minstetakst vert rundt 35 kr, og aukingar i månadskort vil ikkje gå over dei 45% som er nemnt i Ungdommens planprogram. Nokre av dei andre tiltaka under samferdsel kan kanskje verte revurdert med dette vedtaket i minne.
- Ungdommens fylkesutval fekk i oppdrag frå Ungdommens fylkesting å sjå igjennom vedtektene og kome med eit utkast til forbetra vedtekter. Fylkesordførar sitt råd var å ta utgangspunkt i organisasjonar med gode vedtekter, og sjå på dei prinsippa som må vere på plass i alle vedtekter. Han påpekte og forskjellen mellom aldersgrense på deltaking og funksjon.
- På spørsmål om tips til innleiarar på Ungdommens fylkesting foreslo fylkesordførar personar som bur i Hordaland og som gjerne har betre moglegheit til å delta:
  - o Jens Frølich Holte
  - o Petter Kvinge Tvedt
  - o Kjersti Toppe
  - o Halleraker
  - o Per Rune Henriksen
  - o Knut Arild Hareide
- Ungdommens fylkesutval ønskjer at fylkesordførar skal delta på eit av møta deira, og det takka fylkesordførar ja til. Førespurnad vert sendt til administrasjonen.